

Årsmelding 2025

FORMÅL

Frivilligsentralen skal stimulere til frivillig innsats, skape opne møteplassar for befolkninga, og vere eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.

VISJON

Saman skapar vi eit godt og inkluderande lokalsamfunn



2025 var året vi arrangerte fleire flotte nærturar, som her med botanisk vandring på Vennis. Vi fikk på plass infoskjermar i heile kommunen, starta med sjakktreff, fikk over 40 seniorar med på Sterk og Stødig, etablerte bulystteamet, fikk tilbake fotballturneringa etter fleire års pause - og mykje, mykje meir!

Delmål og satsingsområde i handlingsplanen:

1: Frivillighet

Førebygge einsemd
og stimulere til
frivillig innsats

Styrke dei frivillige

Vi har hatt jamleg oppfølging med dei frivillige, og fått betre rutinar på å registrere både frivillige og brukarar i InVi.

Totalt har vi registrert 1808 timar frivillig innsats på våre aktivitetar og arrangement i 2025.

Vi har ikkje kome i mål med planen om å utvikle 'stillings-beskrivingar' for dei ulike frivilligoppgåvene.

Over 30 av våre frivillige med faste oppdrag deltok på sommaravslutning i solkroken vår med evaluering gruppevis, og vaflar servert av dei tilsette og ordføraren. 44 var med då vi hadde julebord på Sara's mat.

Frivillig innsats, timar

Aktive saman	106
Arrangement	80
Besøksven	409
BUA Vang	34
Digi-hjelp	22
Hjelpetenester	3
Matombringning	300
Middagsgjengen	147
Møteplassen	4
Nærturar	22
Seniortreff	54
Sjakketreff	16
Språkkafé	112
Strek og stødig	362
TV-aksjonen	111
Øvingskøyring	26
SUM	1808



Frivillige tenester

Middagsgjengen har servert middag på Storplogen sundagar heile året (minus feriar).

Øvingskøyring: Tre frivillige har øvingskøyr med kvar sin elev i vårhalvåret. Etter sommaren har det vore stille, då ein av elevane flytta, ein vart opptatt med jobb og ein starta på køyreskule. I sommar lånte vi ut bilen til Valdresspelet.

I desember hadde vi oppstartssamtale med ein frivillig som skal starte opp med to elevar etter nyttår. Vi har no berre denne eine frivillige, og må jobbe med å rekruttere fleire frivillige øvingskøyrarar i 2026.

Digi-treff: Digi-vertane hadde tre treff på vårhalvåret; på Haukåsen, Sara's mat og biblioteket, sistnemnt med tema skattemelding. I haust har dei vore på Drengestøga og Haukåsen. I november heldt politiet eit lærerikt informasjonsmøte om nettsvindel på kommunehuset.

Språkkafé: Vi har hatt to språkkaféar gåande gjennom heile året (minus feriar), ein kvar tysdag og ein annankvar onsdag.

Besøksvener: Frivilligkoordinator har hatt 4 arbeidsmøte og elles mykje kontakt og godt samarbeid med Besøkstenesta i Grindaheim Røde Kors. Vi gjorde ei kopling rett før sumarferien og ei rett før juleferien, begge bur på Vangsheimen.

Som definert i samarbeidsavtala utforma vi saman ein rapport med oversikt over antal besøksvener, førespurnader og koplingar, som vart oversendt til kommunen i november.



Røde Kors hadde sin årlege juleblomst-turne der dei delte ut 31 blomster. Fleire av motakarane har besøksvener. Vi jobbar med ei ny brosjyre og skal i 2026 følge opp id-kort, bilde og teieplikt.

Aktive saman

Tre familiar fekk oppfølging i Aktive saman i 2025. Eit barn har fått skyss til handballtrening to gonger pr veke fram til sommarferien. To søsken har fått skyss til all-idrett ein gong i veka, oppstart etter sommarferien. Ein familie har fått skyss til familieaktivitet om lag ein gong pr månad.

2: Møteplassar

Bygge fellesskap og skape møteplassar på tvers av alder, kultur, bakgrunn og interesser

Bu- og blilyst

I vår etablerte kommunen eit bulystteam, leia av dagleg leiar på frivilligsentralen. Målet for teamet er at fleire flytter til Vang, at dei unge som veks opp her ønskjer å flytte heim, og at dei som allereie bur her har det bra. Bulystteamet skal kartlegge tidlegare og eksisterande bulysttiltak, avdekke behov og prioritere nye tiltak, og koordinere bulystarbeid i Vang i samarbeid med både næringsliv, organisasjonsliv og eldsjeler.



I april arrangerte vi ein idémyldringskveld, som ga mange gode innspel til arbeidet. Etter dette har teamet jobba med kartlegging av tiltak, bli kjent med erfaringane frå Innovangsjon, VNK sitt inkluderingsprosjekt og Futurizing Vang, og formidla informasjon om teamet på ulike flater.

Vi har landa ei avtale med Innovangsjon om at kommunen skal overta eigarskap og drift av vangivaldres.no + SoMe-plattformane, og starta arbeidet med å oppdatere nettsida. Vi har rekruttert 6 frivillige vangsvertar, kopla oss på prosjektet Digitale nomader, og hatt mykje dialog med Bygdeliv som har laga film og engelsk nettside i høve 200årsjubileet for utvandringa til Amerika.



Teamet har også vore i direkte dialog med nye vangsgjeldingar som har ønska oppfølging. Vi ønskjer å få i gang faste velkomsttreff samt ein arrangementsstafett for unge vaksne i 2026.

Møte mellom menneske

Bokbad: Dagleg leiar bokbada Marit Beate Kasin om hennar bok Naturparadokset i april.

Klesbyttedagen vart arrangert i april for 3. år på rad.

VesleVinje vart arrangert i samarbeid med Vinjerock, biblioteket og mottakssenteret i mai.



Fotballturnering: Etter mange års pause arrangerte vi igjen grendecup i samarbeid med FK Vang og Vang mottakssenter, der 8 lag deltok. Mange kom også for å heie, trass regnet!



Generasjonstreff har vi hatt 6 gonger i 2025 på Fjordstøga på Vangsheimen. Kyrkja står for sjølve babysangen, Vangsheimen tek seg av traktering og får med bebuarane. Vår jobb er koordinering og marknadsføring, samt å delta ved behov.

Sjakktreff er nytt av året, då vi fekk kopla saman nokre ivrige sjakkentusiastar. Til saman har det blitt 8 treff på biblioteket, som er opne for alle.

Nærtur: I samarbeid med folkehelsekoordinator og andre har vi i 2025 hatt 4 nærturar. Ein til Fugleberg med Valdres sopp og nyttevekstforening/ Susanne Kjeldsen, botanisk vandring på Vennis med Tanaquil Enzensberger, tur til Rødalen med Vidar Eltun og Bjørg Lerhol, og tur i Kviishaugen med kunstbesøk hos Tron Kittelsen.

Om lag 3180 deltok på arrangement og aktivitetar som frivilligsentralen var delaktig i, sjå oversikt på side 8. (Stor deltaking på sterk og stødig trekk talet opp)



Levande lokalsamfunn

Både frivilligkoordinator og dagleg leiar deltar i arbeidsgruppa Levande lokalsamfunn, som møtast annankvar veke. Gruppa jobbar for at eldre kan bu trygt heime så lenge som mogeleg, gjennom å legge til rette for sosiale møteplassar, heve den digitale kompetansen, og utvikle meir innbyggjarsentrert kommunikasjon.

Infoskjermar: Arbeidsgruppa har i 2025 etablert 7 infoskjermar på daglegvarebutikkar, kommunehus, legekontor, bibliotek og VBU som har blitt veldig populære. Saman med kommunikasjonsteamet har vi produsert malar, retningslinjer og jobba gjennom heile året for å skape tilpassa innhald.



Kurs og innbyggjarmøter: I januar arrangerte arbeidsgruppa 3 kurs for kommune, næringsliv og frivilligheit, om korleis skape eit demensvennleg samfunn. I april arrangerte vi Di framtid, di helse; 2 innbyggjarmøte med tema velferdsteknologi.

Møteplassen: Arbeidsgruppa har arrangert 3 Møteplassen; 2 på Mjøsvang kafé og 1 på Sara's Mat. Eit 4. treff vart avlyst pga få påmeldte. Tema/aktivitet har vore trim, beredskap, allsang, tv-aksjon, musikkbingo, samfunnsplan, folketrakk og framtidens postombering.



Seniortreff: I haust har vi jobba mykje med å etablere eit nytt Seniortreff, som startar opp over nyttår. Tiltaket er igangsett av eldsjeler som sjølv har rekruttert frivillige, og vi bistår med koordinering og støtte. Arbeidsgruppa har laga samarbeidsavtale med Vangsheimen, laga brosjyre som er delt ut i alle postkasser, og halde kurs for 10 frivillige.



Sterk og Stødig: Ny gruppe starta opp på Åsvang i februar 2025, med særst godt oppmøte. I Øye fortsette det gode oppmøtet i gruppa som vart starta hausten 2024. I september hadde vi nytt kurs med 4 frivillige.

Folketråkk: Vi arrangerte folketråkk i Vang sentrum og Ryfoss i vår, for å kartlegge framkommelegheit og universell utforming. Daglegvarebutikkar, andre relevante butikkar og lokale verksemdar vart besøkt. Representantar frå teknisk etat, politikarar, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet og innbyggjarar med nedsett funksjonsevne deltok. Rapporten ligg på Vang kommune si nettside, og arbeidsgruppa jobbar saman med teknisk etat for å utarbeide tiltaksplan for dei tiltaka som kommunen har ansvar for. Vi ønskjer å gjennomføre folketråkk også på Mjøsvang, i Øye og på Tyinkrysset.

Arbeidsgruppa har i 2025 hatt orientering for kommunestyret samt gjennomført ein verkstad med hovudutval for levekår.

3: Bindeledd

Vere bindeledd mellom ulike sektorar, og ein støttespelar for frivillige lag

Styrke foreiningslivet

Vi har bidratt med plakatar og anna marknadsføring til arrangement i regi av ulike lag, følgd opp at foreningsportalen er oppdatert, og jobba med å få god visning av arrangement og aktivitetar på infoskjermene. Vi har jobba med synleggjering av nye aktivitetar, som å lage ein reportasje om nytt kar-treff i Ryfoss. Vi har også bistått med søknadsskriving og rådgiving, og lånt ut lokala ved behov.

Valdresportal og bedriftsregister: Dagleg leiar har deltatt i ei regional arbeidsgruppe for å etablere ein felles plattform som kan vise kalender og foreningsregister for heile Valdres. Vi har også jobba saman med næringsrådgivar i kommunen for å få på plass bedriftsregister i portalen. Desse prosessane er ikkje ferdigstilt, men vil halde fram i 2026.

Frivilligheitspolitikk: Det har ikkje vore jobba konkret med å få vedtatt frivilligheitspolitikk i 2025. Etat for utdanning og kultur har satt dette på agendaen for 2026.

Lokaldemokrati

Politikarpraten: Saman med biblioteket har vi koordinert og vore vertskap for Politikarpraten også i 2025.

Politisk verkstad: Dagleg leiar leia i juni ein verkstad med kommunestyret knytt til budsjettprosessen. I verkstaden nytta vi Menti og Kahoot til å kartlegge kunnskap og skape refleksjon kring viktige prioriteringar for framtida.

Positivprisen

For 2. gong hadde Frivilligsentralen ansvaret for å leie komitéen som vurderte dei ulike kandidatane til positivprisen, før formannskapet tok den endelige avgjerda. Vi gratulerer Geoline Van Kuyk som verdig vinnar! Vi har også ansvaret for marknadsføringa, og det var særst positivt å sjå heile 20 nominasjonar på 14 gode kandidatar dette året.



4: Inkludering

Inspirere lokal-samfunnet i arbeidet med berekraft, solidaritet og inkludering

BUA

Utlånt i 2025: 874 artiklar (280 unike), fordelt på 307 lån og 117 unike brukarar.


Vi har også hatt tillitsbasert utlån av VBU sine skøyter (25 lån) og våre egne discar (12 lån) på Joker Ryfoss i delar av året.

I februar samarbeida vi med Valdres friluftsråd, Vang Lærings-senter og Vang mottakssenter om ein aktivitetsdag på Åsvang.

TV-aksjonen

Frivilligsentralen koordinerer den lokale komitéen for TV-aksjonen. Årets aksjon gjekk til Atlas-alliansen og handla om å opne dører for funksjonshemma som lever i krig og fattigdom. Vi starta ei døropnar-kampane der folk i Vang tok bilde/video av at dei opna dører, som genererte 37.500,- frå dei 15 bedriftene som var med på kampanjen. Vi arrangerte også temakveld med foredrag.

Våre 4 områdeleiarar rekrutterte 30 bøsseberarar som besøkte heile Vang og sørga for 32.143,- i kontantar, + vippsing. Samla vart summen frå Vang 163 288,- som ga oss ein flott 39. plass nasjonalt og 3. plass i Innlandet.



Julegåvedugnad

Også i år var det stor givarglede i Vang, og alle under 18 på mottakssenteret og lærings-senteret fekk kvar si julegåve. Elevar frå lærings-senteret og bebuarrådet på mottaket bidrog på pakkedug-naden.



Arrangement og møteplassar som frivilligsentralen har vore delaktig i

		deltakarar
jan/feb	Kurs: demensvenleg samfunn, samarb. levande lokalsamfunn	40
13.2	Møteplassen på Mjøsvang kafé, samarb. levande lokalsamfunn	30
28.2	Aktivitetsdag, samarb. Vang læringssenter og Valdres friluftsråd	30
8.4	Bokbad: Naturparadokset, samarb. biblioteket	20
10.4	Idémyldringskveld, samarb. bulystteamet	25
26.4	Klesbyttedagen, samarb. biblioteket	85
28.4	Di framtid, di helse, samarb. levande lokalsamfunn	66
8.5	Møteplassen på Mjøsvang kafé, samarb. levande lokalsamfunn	23
24.5	VesleVinje, samarb. Vinjerock, Vang mottakssenter og biblioteket	350
28.5	Nærtur til Rødalen, samarb. frisklivsretteiar	33
13.6	Sommaravslutning og evaluering med dei frivillige	30
26.6	Nærtur til Vennis, samarb. frisklivsretteiar	32
28.8	Nærtur til Fugleberg, samarb. Valdres sopp- og nyttevekstforening	29
14.9	Fotballturnering på Tveit, samarb. FK Vang og Vang mottakssenter	150
17.9	Nærtur med kunstbesøk i Høre, samarb. frisklivsretteiar	15
25.9	Instruktørkurs sterk og stødig, samarb. frisklivssentralen	4
2.10	Møteplassen på Sara's kafé, samarb. levande lokalsamfunn	35
19.10	Temakveld for TV-aksjonen	15
26.11	Kurs for frivillige på seniortreff, samarb. VAS	10
28.11	Kurs i nettvett, samarb. levande lokalsamfunn	11
3.12	Bokkveld med utdeling av positivprisen, samarb. biblioteket	37
4.12	Julebord med dei frivillige	44

Faste aktivitetar

Språkkaféar, samarb. biblioteket	25 x 11	275
Sjakktreff, samarb. biblioteket	8 x 6	42
Politikarpraten, samarb. biblioteket og gruppeleiarane	6 x 15	90
Generasjonstreff med babysang, samarb. VAS og kyrkja	6 x 22	132
Digi-kafé, samarb. levande lokalsamfunn	3 x 10	30
Sterk og stødig, samarb. frisklivssentralen	75 x 20	1500

Om lag 3180 deltok på arrangement og aktivitetar som frivilligsentralen var delaktig i, i 2025.



Aktivitetsdag



Di framtid, di helse



Nærtur Rødalen



Nærtur Høre



Nærtur Fugleberg



Temakveld TV-aksjonen



Sjakktreff



Sterk og stødig

Økonomi

I 2025 fekk vi 479 612,- i statstilskot. Samla driftsregnskap: 871 695,-

Tilsette

- * Marte Tangen: Dagleg leiar 100% fast. 20% permisjon grunna styreleiarverv i Norges Frivilligsentraler.
- * Inger Kongslien Tveit: Frivilligkoordinator 50% fast, 70% frå medio mars.
- * Yehor Borodin: Medarbeidar i BUA, 8% fast fram til medio august.
- * Bohdan Strilchuk: Språkpraksis i BUA, september/oktober (har halde fram som frivillig).

Styre og årsmøte

Hovudutval for levekår (HUL) er sentralen sitt øvste organ. Årsmøte 2025 vart halde 11.3.

For 2025 vart følgjande styre valt:

- * Åse Marie Lien Petersen (styreleiar)
- * Elisabeth Myhre (nestleiar/rep. frå HUL)
- * Caroline Solie Bryntesen (rep. frå adm.)
- * Tone Marie Log
- * Leif Solemsli
- * Jan Magne Almenning
- * Mina Synøve Blom Haaverstad (vara)

Andre prosjekt og hendingar, samt regionalt og nasjonalt arbeid

I samarbeid med biblioteket har vi oppgradert vestibyla, gjennomført arbeidsmiljø-verkstad 'En bra dag på jobben', hatt felles førstehjelpskurs og vore på Litteraturfestivalen på Lillehammer.

Valdres nettverksgruppe har hatt 4 møter i 2025 + besøk på Beitostølen helsesportsenter saman med Vestoppland nettverksgruppe.

Dagleg leiar er styreleiar for Norges Frivilligsentraler og frikjøpt i 20% stilling. I 2025 har vervet i tillegg til styremøta inkludert innlegg på grunnkurs for nye daglege leiarar, nettverksleiarssamling, fagkonferanse, Arendalsuka, Stortingshøyring, møte med kultur- og likestillingsministeren og div stortingspolitikarar, og foredrag for andre nettverk.

Frivilligkoordinator har også deltatt på fagskonferansen, samt ulike webinar og kurs.

Kontakt

46 81 64 73
frivilligsentralen@vang.kommune.no
vang.frivilligsentral.no
facebook.com/vangfrivilligsentral



saman skapar vi
gode og inkluderande
lokalsamfunn